



Kunnskapsdepartementet

Dykkar ref
15/1643

Vår ref
2015/4671-INGNIL

Dato
14.08.2015

Høyringsvar: Forslag til endringar av universitets- og høgskulelova og endring i eigenbetalingsforskrifta

Vi viser til brev frå Kunnskapsdepartementet datert 20.04.15, kor forslag om endringar av universitets- og høgskulelova og eigenbetalingsforskrifta var på høyring. Universitet i Bergen har hatt saka på intern høyring, og motteke svar frå alle fakulteta ved Universitetet. Nedanfor følgjer universitetet sine samla kommentarar til forslaga.

1. Samansetninga av NOKUT sitt styre

Universitetet i Bergen sluttar seg til departementet sitt forslag om endring i styresamansetninga, slik det kjem fram i høyringa.

2. Nasjonale deleksamenar

Universitetet i Bergen stiller seg er skeptisk til innføringa av nasjonale deleksamenar, då vi meiner at ei lov som kan pålegge høgare utdanningsinstitusjonar å gjennomføre nasjonale deleksamenar inneber ei urovekkande avgrensing av den faglege fridommen som i dag er forankra i Universitets- og høgskulelova. Frå fakulteta vert det også uttrykt at ei sterkare standardisering og einsretting av vurderingsformer gjennom nasjonale deleksamenar på universitetsnivå vil kunne bidra til å svekke forskingsbasert undervisning. Samtlege fakultet ved Universitetet i Bergen understrekar i fråsegnene sine at mange tilsynelatande like utdanningar har særpreg basert på spesialisert kompetanse i ulike fagmiljø. Til dømes vil russiskmiljøa ved dei ulike universiteta i Norge ha ulike studieplanar og legge forskjellig vekt på historie og områdekunnskap ift. litterære, lingvistiske og komparative problemstillingar. Skal vi gi forskingsbasert undervisning bør undervisningsporteføljen i noko grad spegle dei felte det blir forska på ved lærestaden. Ved UiB er det i gang fleire prosessar som har som mål å styrke forskingsbasert undervisning, og å styrke vurderingsformer som meir treffsikkert måler kunnskapane og ferdigheitene til studentane enn kva dei tradisjonelle skuleeksamenane gjer. Vi vurderer det slik at nasjonale deleksamenar vil føre til at arbeidet med å utvikle prosessorienterte og praksisnære evalueringsformer blir svekka.

Frå fleire av fakulteta blir det også peika på at praksisen som gjeld i dag med ekstern sensor og programsensor bidreg til samanlikning på tvers av institusjonar så vel som kunnskap i fagmiljøa om det faglege nivået ved eigen og andre institusjonar. Det blir fremja forslag om å styrke og vidareutvikle denne ordninga framfor å erstatte ho med nasjonale deleksamenar. Universitetet stiller seg også tvilande til at innføringa av nasjonale deleksamenar ikkje skal medføre vesentlege kostnader eller meirarbeid.

Universitetet ser ein klar skilnad mellom rammebaserte studiar og andre i denne samanhengen. Innføring av rammeplan er eit inngrep i den faglege autonomien, og bør reserverast for dei fagområda der omsyna til slike faglege styringar er tungtvegande. Pilotprosjektet det blir vist til i høyringa gjeld «i første omgang» rammeplanstyrte utdanningar. Dersom forslaget skal gjennomførast, føreslår vi at det vert avgrensa til å gjelde slike utdanningar.

3. Tilgang til å utstede gebyr for lovbrøt (overtredelsegebyr)

Universitetet i Bergen har ingen sterke innvendingar mot dette forslaget, men eit par merknadar :

Sidan det i høyringa ikkje kjem fram nokon indikasjon på kor stort eit slikt gebyr kan vere er det vanskeleg å vurdere i kor stor grad denne ordninga er meir effektiv enn ei eventuell ordning med politimelding. Det blir derfor føreslått å behalde heimelen for bøtestraff i tillegg til det nye «overtredelsegebyret» slik at ein har høve til å velje den best eigna sanksjonen i ulike tilfelle. Vidare blir det stilt spørsmål om kva konsekvensar ei slik overføring av myndigheit og oppfølgingsansvar frå departement har for rettssikkerheit generelt, og for høve til å klage spesielt.

4. Krav om lovleg opphald som vilkår for studierett

Universitetet i Bergen er skeptisk til at utdanningsinstitusjonar skal ivareta innvandringsregulerande omsyn. Vår rolle som utdanningsinstitusjon er å vurdere dei *faglege kvalifikasjonane* søkjarar har. I dag blir opphaldsløyve gjeve på bakgrunn av opptak til gradstudiar, og dei som ikkje oppfyller krava til myndigheitene blir avvist. Slik vi ser det, vil forslaget om lovleg opphald som vilkår for studierett pålegge utdanningsinstitusjonar eit krav om kontroll av opphaldsløyve som ikkje er innanfor mandatet vårt.

Det kjem ikkje klart fram kor stort omfanget av studentar utan gyldig opphaldsløyve er. Vi ser heller ikkje kvifor det er viktig å knytte dette vilkåret opp til studierett. I UH-sektoren blir det generelt oppmuntra og tilrettelagt for internasjonalisering av utdanning. Vi fryktar for at forslaget vil gjere det vanskelegare med utveksling innan dei etablerte samarbeida våre utanfor EU/EØS, og at opptaksprosessen for denne gruppa blir vanskelegare og mindre oversiktlig. Vilårsbundne opptak med påfølgjande kontroll av opphaldsstatus, samt tilbaketrekking av studierett og klagebehandling som følgje av manglande opphaldsstatus, vil bety meirarbeid for utdanningsinstitusjonane.

5. Berekning av tenestetid for stipendiatar

Universitetet i Bergen stiller seg bak forslaget om berekning av tenestetid for stipendiatar.

6. Endring i eigenbetalingsforskrifta

Universitetet i Bergen stiller seg bak forslaget om endring i eigenbetalingsforskrifta, slik at ein kan krevje at studentane har eigen berbar PC. UiB har som målsetjing at digital skuleeksamen skal vere hovudregelen, og at samtlege studentar skal få tilbod om digital skuleeksamen innan utgangen av 2017. For å nå denne målsettinga er det ein føresetnad at studentane har eigen berbar PC.

Det blir påpeika at nemninga «berbar PC» er for spesifikk, og at det i lys av den teknologiske utviklinga vil vere meir hensiktsmessig med ei meir generell nemning.

Venleg helsing

Dag Rune Olsen
Rektor

Kjell Bernstrøm
universitetsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje handskrive signaturar.